# Evaluering handlingsprogram kulturstrategi 2015

| Satsingsområde | Tiltak | Samarbeid | Gjennomføring |
|---|---|---|---|
| **Frivillig sektor** | Gjennomgå retningsliner for tilskot til lokale kulturbygg og ev. revisjon. Arbeide for auka privat finansiering av rehabilitering av lokale kulturbygg, og forsterke samarbeid med «Huset i bygda» gjennom utviklingsavtale. | Sogn og Fjordane ungdomslag / Huset i bygda | Revisjon retningsliner utsett til 2016. Samarbeid med Sparebankstiftinga om mogelegheiter for vidare samarbeid/felles satsing og å jobbe mot eit felles mål om å styrke den økonomiske situasjonen til kulturbygga i fylket. Utviklingsavtale med HiB vert inngått januar 2016 |
| | Kartlegging av "Sentrumsnære turvegar" i dei siste 11 kommunane. | Idrettslag, kommunane | Ikkje gjennomført. Uavklart om dette vert vidareført grunna omorganisering PSA. |
| | Tilskotsforvaltning frivillig sektor. Styrke måloppnåing for tilskotsordningane kulturmidlar og kulturutviklingsmidlar. | | Revisjonsarbeid starta opp. Vert vidareført i 2016. |
| | Etablere utviklingsavtale med Sogn og Fjordane idrettskrins m.a. for å revitalisere lokale idrettsråd, fysisk aktivitet for utviklingshemma gjennom grenselause idrettsdagar. | SF Idrettskrins | Gjennomført. |
| | "Mine meiningar på mitt språk" - eit bloggprosjekt for ungdom. Kurs som styrker og utviklar arbeidet deira. | | Gjennomført. Avsluttast i februar 2016. |
| | Følgje opp Nynorskfylket og sjå nærare på språkbruk i statlege etatar i Sogn og Fjordane. | | Årleg møte i nynorskfylket er gjennomført. Det er innhenta opplysningar om språkbruk i statlege etatar i Sogn og Fjordane. |
| **Kulturarv** | Nytte kulturminne som ressurs i nærings og lokalsamfunnsutviklinga gjennom verdiskapingsprosjekta Kystpilegrimsleia, Kongevegen over Filefjell, Reiseliv i industriens vogge. | Fylkeskommunar, kommunar, museum, frivillige, bedrifter, kyrkja, statens vegvesen mfl.. | Gjennomført i tråd med samarbeidsavtaler. Prosjekta Kystpilegrimsleia og Kongevegen over Filefjell vert vidareført i 2016. |
| | Stimulere og rettleie kommunane i arbeidet med å utarbeide lokale kulturminneplanar. Arbeide for vidareføring av prosjektet med fokus på lokal verdiskaping. | Fylkesarkivet, fylkesbiblioteket, Musea i Sogn og Fjordane, kommunane, frivillig sektor | Gjennomført i tråd med målsettinga om at alle kommunar i fylket er igong med utarbeiding av lokale kulturminneplanar. Vert vidareført som prosjekt i 2016. |
| | Følgje opp arbeidet med verdsarvnominasjon av Kvernsteinsbrota i Hyllestad. Delta i arbeidet med oppretting av Verdsarvråd og tilsetting av verdsarvkoordinator knytt til verdsarvstadane. | Riksantikvaren, fortidsminneforeningen, fylkesmannen, Nærøyfjorden verdsarvpark, Norsk kvernsteinssenter, kommunane | Arbeidet er fulgt opp. For verdsarvnominajsonen i Hyllestad avventar vi signal frå Rikantivkaren i høve vidare oppfølging i 2016 .For Urnes stavkyrkje er det oppretta eit interimsråd som følger opp arbeidet med etablering av verdsarvråd og tilsetting av verdsarvkoordinator. |
| | Utvikle og formidle Gulatingstaden. Etablere samarbeidsrelasjonar med andre regionale tingstader i Noreg. Delta i internasjonalt tingnettverk. | Gulen kommune | Det er sett igong arbeid for å etablere eit nasjonalt tingstadnettverk der tusenårsstaden Gulatinget har teke på seg sekreteriats-/koordinerings- funksjonen. Det er utarbeidd ny strategi og avtale mellom fylkeskommunen og Gulen kommune ( 2016-2020). |
| | Følgje opp arbeidet med kommunane sine avtaler om driftstilskot til Musea i Sogn og Fjordane. | Musea i Sogn og Fjordane | Gjennomført møter med MiSF og regionråda. |
| | Ivaretaking og sikring av fylket sine kulturminneverdiar gjennom innspel til kommunale planstrategier, samfunnsdelane til kommuneplanane og i høyring av areal- og byggesaker. | Planforum | Gjennomført som del av vår sakshandsaming etter PBL og KML. |
| | Formidling av kulturminne i satsingane i "Friluftslivets år". | Kommunane, frivillig sektor. DNT, Riksantikvaren | Utvalde kulturhistoriske turløyper er presentert digitalt på ut.no. Fleire løyper kjem i 2016. |
| | Prosjekt «Skulen min» skal gi ein meir samla formidling av skulehistorie. Betre formidling av digitaliserte kjelder og materiale. | Statens vegvesen, kommunane, HiB | Prosjektet fekk støtte frå Riksarkivet i slutten av juni. Arbeidet har gått frå august til desember 2015 og held fram i 2016. Prosjektet er godt i gang med kartlegging, datainnsamling, nettverksbygging og metodikkutvikling gjennom arbeidet med pilotkommunen Hyllestad. Vert vidareført i 2016. |
| | Digitalisere lokalhistorisk litteratur - oppgradere Fjognedok. | | Har starta planlegginga av fornyings- og digitaliseringsprosjektet |
| | Utvikle mal for regionale litteraturnett og produsere artiklar om lokale/regionale forfattarskap gjennom prosjektet Lettare litteraturnett. | Nordland fylkeskommune, Nasjonalbiblioteket | Innhaldsproduksjonen i gang, har gjort avtale med teknisk leverandør, teknisk løysing er under utvikling |
| | "Semantisk teknologi og tenesteutvikling for arkiv". Betre tilgangen til digitalt innhald i arkiv og museum og utvikle nye innhaldstenester. Prosjektet vert avslutta i 2015. | Riksarkivet, Vestlandsforskning, Musea i Sogn og Fjordane/Norsk reiselivsmuseum, Arkiv i Nordland, Esis AS, Bouvet Norge AS, KulturIT, Stiftelsen ASTA, JAATAV Invest AS | Prosjektet fekk støtte frå Riksarkivet i slutten av juni, så hovudvekta av arbeidet har gått frå august til desember. Prosjektet er godt i gang med kartlegging, datainnsamling, nettverksbygging og metodikkutvikling gjennom arbeidet med pilotkommunen Hyllestad. |
| | Ta vare på og formidle stadnamn. Prioritere innsamling og publiseringsarbeid i kommunane Stryn og Luster. | Sogelag, kommunane | Arbeidet med del tre av prosjektet «Semantisk teknologi og tenesteutvikling for arkiv» vart utsatt fordi organet som tildeler støtte på prosjekt vart flytta til Riksarkivet. Vi måtte også prioritere anna arbeid i denne perioden. Det vart difor i løpet av våren 2015 søkt om midlar til å fullføre prosjektet og Riksarkivet tildelte oss midlar på bakgrunn av dette. Avslutninga av prosjektet er difor forskjøve til 2016 grunna dette. |
| | Ta vare på og formidle arkiv etter private aktørar, arkiv etter Arkitekt Lindstrøm og gardsarkivet Øvre Amble er prioritert. Knyte seg til Riksarkivet si nasjonale satsing på arbeid med privatarkiv. | Riksarkivet | I Luster går det føre seg opptak av namn. I Stryn er innsamlinga ferdig. Publisering vert når ny plattform er klar. |
| | Ta vare på og gjere tilgjengeleg dei kommunale arkiva i fylket. Prioritert i 2015 er utfordringar knytt til bevaring av moderne arkiv og ytterlegare forbetring av formidlinga av eldre og avslutta arkiv. | Kommunane, Riksarkivet, andre fylkesarkiv. | Gardsarkivet frå Øvre Amla er ferdig ordna, katalogen er publisert på Arkivportalen, og det har blitt formidla frå arkivet i Kjelda og på eiga heimeside. Arkivet frå arkitekt |
| | Vidare arbeid med å realisere fellesmagasin for Musea i Sogn og Fjordane | Musea i Sogn og Fjordane, kommunane | Arbeidet er utført i tråd med ansvarsområdet til kommunearkivordninga og avtalane med kommunaen og fylkeskommunen. I 2015 har Fylkesarkivet starta arbeidet med å bygge opp tilleggstenester for kommunane og sendt ut tilbod om ordning av nyare arkiv og digitalisering av arkiv. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Bevare historiske foto og formidle desse til brukarane. Prioritert satsing i 2015 er fotograf Olai Fauske sine bilete frå perioden 1905-1944. Flytting av fotoarkiv frå Nordfjord Folkemuseum til Fylkesarkivet på Leikanger. | Sunnfjord Museum, Førde historielag | Fauske: I 2015 har ein søkt prosjektstøtte frå ulike aktørar, og fått tilslag på kr. 35.000 i støtte frå Førde kommune. Prosjektet skal gjennomførast i perioden mars-desember 2016 i tråd med revidert prosjektplan. Flytting av fotoarkiv: Flytting av samlingane er utsett til 2016 ettersom det nye fotomagasinet på Leikanger ikkje vart innflyttingsklart i 2015. | |
| **Profesjonell kunst og kultur** | Utvikle samarbeid Den kulturelle skulesekken – Ungdomens kulturmønstring jf. samarbeidsavtale. Etablere ein felles konferanse DKS/UKM/kulturskulane. | Norsk kulturskuleråd, kommunane | Arbeidet er starta opp. Konferanse vart arrangert sept. 15. Vil bli vidareført i 2016 | |
| | Initiere nytt system for kommunane sine lokale planar for Den kulturelle skulesekken. | Kommunane | Utsett grunna endringar i organisering av DKS. | |
| | Ungdomens kulturmønstring, gjennomføre og løfte Fylkesmønstringa. Avtale med ny teknisk arrangør av fylkesmønstringa 2016 – 2018. | Kommunane. VGS. Profesjonelle kunstaktørar | Arbeidet er starta opp og vidareførast i 2016. Avtale med teknisk arrangør 2016. Det er lyst etter vidare arrangør frå 2017. | |
| | Arrangere kultur- og næringskonferanse. | Kulturnettverk Nordfjord, NCT, næringsaktørar | Ikkje gjennomført fordi kommunane som hadde initiert dette ikkje gjekk vidare med saka. Vert vurdert vidareført i 2016 i samband med samanslåing av kultur og næringsavdelinga. | |
| | Vidareføre møteplass om publikumsarbeid blant store arrangørar i Sogn og Fjordane. | Institusjonane, musea i Sogn og Fjordane | Ikkje gjennomført. Vurderer om dette skal gjennomførast i 2016 som ein generell møteplass for større arrangørar og institusjonar. | |
| | Evaluere transportordning bibliotek og førebu nytt anbod. | Kommunane, vgs, Høgskulen i Sogn og Fjordane | Arbeidet er i gang i samarbeid med innkjøpsavdelinga | Målgruppa er |
| | Kompetanseheving i biblioteka, følgje opp HK-sak 37/14. | Kommunane, vgs, NLA Høgskulen | Ei rekkje kurs og konferansar er gjennomførde, sjå oversikta her: http://fylkesbiblioteket.sfj.no/kurs/arkiv/2015 | |
| | Utvikle formidlingsmetodar med utgangspunkt i den einskilde sin lesarhistorie Gjennom "Lesarhistoria, ny veg til lesaren". | Folkebibliotek, skular, barnehage, HiOA, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa | Arbeidet er i gang i samarbeid med HiOA og fem kommunar | |
| | Få til Lesegledar-ordning. | Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa | Ordninga er etablert i samarbeid med Nynorsksenteret | |
| | Forum for formidling av barne og ungdomslitteratur - starte opp og gjennomføre konferanse. | | Forumet er etablert, og barnelitterære fagdagar gjennomførde. | |
| | Arbeide for ein nasjonal nynorsk leselystaksjon for barne- og ungdomslitteratur. | Nynorsk kultursentrum, Nynorsksenteret, Framtida.no, Foreningen !les, Samlaget m.fl. | Arbeidet i gang, moglegheit for støtte er avklart med Nasjonalbiblioteket. Arrangementsrekkje i samarbeid med Foreningen !les og Nynorsksenteret har fått støtte. | |
| | Arrangementsutvikling i folke- og skulebiblioteka. Teater- og biblioteksamarbeid; Herr Kurtz i biblioteket. | Kommunane, Sogn og Fjordane Teater, Aldateateret | Turné Herr Kurz i biblioteket er gjennomført i samarbeid med Aldateateret, Sogn og Fjordane teater og 15 folkebibliotek. | |
| | Fullføre arbeidet med regionvise samarbeidsavtalar mellom folkebiblioteka. | Kommunane | Samarbeidsavtalar er utarbeidde for alle regionane, ferdig vedtekne politisk i dei fleste kommunane | |
| | Delta i forskingsprosjektet "POLYFON" som ser på bruk av musikkterapi i omsorgstenesta. | UniB/Griegakademiet, Høgskulen i Sogn og Fjordane, m,fl | Arbeidet er starta opp og vidareførast i 2016. | |
| | Kunstnarstipend - evaluere ordninga. | | Revisjonsarbeid starta opp. Vert vidareført i 2016 | |
| | Delta i, og styrke arbeidet med Kulturnettverka i regionane i fylket. | Regionale kulturnettverk, kommunane | Delteke på 2 møte i Sunnfjord, 2 Nordfjord og 0 i Sogn. | |
| | Avklare vidareføring av samarbeid med Vestnorsk filmsenter. Gi uttale om filmmelding for Vestlandet. | Næringsavdelinga | Samarbeid er vidareført gjennom KU-midlar. Uttale vart vedteke i FT 26.03.15 | |
| **Andre prosjekt** | Synleggjere kultur sin plass i samfunnsutviklinga gjennom uttale til kommunale planstrategiar og kommuneplanane sin samfunnsdel. Vektlegg tilhøvet til frivillig sektor, profesjonelle kulturarbeidarar og born og unge. | Planforum | | |